Kviteseid misjonsmenighet
MISJONSFORBUNDET

Referat frå styremøte i styret for Betel onsdag 25. mars 2015

Til stades:

Oddvar Hægeland (2015-2017)
Øystein Kvamme (2015-2016)
Sigrid T. Lofstad (2015-2017)
Sigrun Lønning Solvang (2015-2017)

Oddvar Hægeland las ein andakt av Henrik Syse om et stille rom.

Sak 09/15: **Godkjenning av referat frå styremøte 25. februar 2015**
Referatet blei godkjent utan merknader. Frå no av blir referata lagt ut på betelnett når dei har blitt godkjente.

Sak 10/15: **Stattuar og evt. føringar for styrearbeidet**
Sigrid T. Lofstad refererte frå nokre dokument som seier noko om korleis styret i ei lokalforsamling i DNM skal fungere. Menighetsmøtet er det høgaste organet. Det finst normalstatuttar for lokalmenigheter i DNM. Desse står i ein ressursperm frå DNM sentralt som Sigrid T. Lofstad har.
Sigrid T. Lofstad har også eit hefte om «Retningslijner for håndtering av seksuelle overgrep». Dette gjer styret seg kjent med.

Sak 11/15: **Ulike samarbeidsprosjekt med andre**
TenTro: Det har blitt sendt ut presentasjon av opplegget til dei i vår menighet som er i aktuell alder (2001-kullet). Det blir eit felles opplegg med Fredheim. Det er ønske om at Betel bidrar med ein leiar på nokre samlingar. Styret arbeider med dette med tanke på ei løysing til neste styremøte og er takksame for konkrete forslag.

Godhetsuka.
Aslaug Tormodsvik er vår representant i prosjektet og fungerer som kasserar. Vi har fått ein del dokument om opplegget, men det framgår ikkje noko lokal forankring ut av dette. Styret saknar noko meir konkret informasjon, ikkje minst fleire koordineringsmøte. Styret vil prøve å innhente meir informasjon og vil orientere menigheten på neste sundagstreff (12. april). Dette er ei sak som har blitt uklar særleg fordi vi ikkje har hatt eit fungerande styre før no. Det er viktig at vi er aktive i dei samarbeidsprosjekta vi er med i.

Sak 12/15: **Tankar og føringar for møteverksemda i haustterminen**

Vi vil halde fram med sundagstreffa. Det er eit ønske om fleire songmøte og temakveldar. Det bør også vere nokre vanlege møte med forkynning og nattverd. Erfaringsmessig har det vore få som har kome på slike møte, men som menighet må vi ha noko meir enn berre sundagstreff. Vi må prøve å engasjere dei som er flinke til ulike ting. Sigrun L. Solvang vil utfordre nokon til å ha songmøte. Oddvar Hægeland vil arbeide med å få til ein temakveld.

Sak 13/15: **Utleige av lokalet**

VI har fått avklart at vi kan ta leige slik vi har tenkt utan at det er rapporteringsplikt. Det er difor ikkje behov for eit eiget utleigedokument. Evt. utleige må koordinerast med vaktmeister som får fullmakt til å leige ut.

Sak 14/15: **Eventuelt**

Sigrun L. Solvang vil ta kontakt med redaktøren i Misjonsbladet for å få til ein reportasje om sundagstreffa våre.
Øystein Kvamme har undersøkt i forhold til talarstol. Forslaga han fann fram til dekkjer ikkje heilt det vi har tenkt. Han undersøker om Misco på Kvitsund kan lage noko som kan fungere bra.

Neste møte er onsdag 29/4.

Oddvar Hægeland, sekretær